

Øvre Naustdal Grunneigarlag  
v/leiar Normund Svoen  
Solheimlia 2,  
6900 Florø  
[svoens@gmail.com](mailto:svoens@gmail.com)

03.01.11

Statnett v/  
Prosjektleiar Ove Brattberg: [ove.brattberg@statnett.no](mailto:ove.brattberg@statnett.no)

## **Merknader til nytt forslag om trase for 420 kV kraftledning fra Ørskog til Fardal.**

På vegne av Øvre Naustdal Utmarkslag (tidlegare Naustdal jakt og fiskelag sone 4) ynskjer vi å gjere Statnett merksame på at linje 2.0/1.18 alternativet som tidlegare er forlatt og no komme på kartet igjen, passerer gjennom vassdragsvernombordet i Øvre Naustdal og heilt i kanten av Naustdal - Gjengedal landskapsvernombordet frå Angedalen i Førde og gjennom Trodalen mot Bruflat i Inste Naustedalen. Det virker for oss som representerer grunneigarane sine utmarksinteresser i området svært underleg at ein først fredar heile området mot ei kvar kraftbygging - også småkraftverk i sideelvane- så opprettar eit landskapsvernombord i store deler av utmarksområdet, for så å vurdere ei svær kraflinje gjennom vassdragsvernombordet og heilt i kanten av landskapsvernombordet. Ein skulle tru at grunneigarane i inste Naustedalen for lengst hadde gitt sin skjerv til storsamfunnet - dette utan å få eit øre i erstatning. Vi vil komme sterkt attende til dette i dei høyringane som tvingar seg fram når ein no igjen hentar fram dette for lengst forlatte linjealternativet.

Viser elles til vedlagt uttale frå Utmarkslaget (då Naustdal jakt og fiskelag sone 4) frå 2006 i same saka. Forskjellen frå den gang til no er at Landskapsvernet faktisk blei effektuert i januar 2009.

Vedlagt er også linjealternativ for område med vernesoner samt kart over landskapsvernombordet.

Med helsing

Normund Svoen